



Arkiv nr:

Sak nr 28/2020

Møtedato: 1.9.2020

Møtestad: Slidre


Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## S614 – Jaslangen - tilleggsgjord for å sikre vassforsyning

Eigar av støl Fnr 614 – Nils-Olav Tilden har søkt om tilleggsgjord for å sikre vassforsyning. Det er gjeve følgjande grunngjeving:

Ber om å få sette opp gjerdet langs gammel ferdselsåre. For å sikre vann til dyra på jordet, må gjerdet flyttes anslagsvis 10 - 15 m nord for fjøset, der bekken renner. Oppkomma/brønnen er oppmura og med tett tre lokk over. Viktig at dyr/forurensing ikke kjem nærme brønnen. Ny grind monteres i bakken her og nytt gjerde følger langs gammel veg og på sørsiden av denne og ned til utgangspunktet, ca 60 m nedenfor fjøset. Bekken over jordet fra Torps hytte er en flombekk og er som regel tørr.

Følgjande kart er vedlagt søknaden:



Rød strek = nytt gjerde



Oversiktskart

Her er hovudpoenget å gjerde inn/sikre vassforsyning slik administrasjonen les søknaden.

Denne saka vart sendt på høyring i sommar, dette utan at den er sakshandsama. Dette for å spare tid

Det er komme inn følgjande høyringsuttaler:

Fnr 43 Leila Charlotte Olsen

Merknaden er lagt ved. Oppsummert skriv dei følgjande:

Dersom målet er å sikre brønn, finn dei dette kan gjerast med å gjerde inn nedslagsfeltet samt eit oppkomme rett nedanfor sjølve brønn kummen. Dei har og nytta denne brønnen, og ber om fortsatt tilgang til brønnen. Dei meiner og det ikkje har vore eit problem så langt med forureining (sidan 1946), og i dag er det færre beitedyr enn tidlegare.

Dei ber og fjellstyret legge vekt på etablerte stigar som er nytta i mange tiår

Fnr 32 Henrik Jean Mette

Denne kom etter fristen, og avsendar er ikkje direkte part i saka. Denne merknaden vert ikkje referert, men vert likevel lagt ved saka til informasjon.

Fjellstyret har ikkje take stilling til om det er drift på stølen, då det i løpet av neste år uansett vert ein gjennomgang av stølane i Vestre Slidre statsallmenning. Ein registrerer at det har javnleg vore beitedyr på stølen, nå sist i sommar 2020, men er uavklara om dette er i eige jordbruksdrift eller ikkje.

Administrasjonen definerer søknaden med formål om å sikre vasskjelde primært, samt også sikre beitedyr tilgang til vatn. Enn så lenge beitedyr har vært sikre vatn med bekken som går tvers gjennom jordet gjennom tidene, og den er mykje større/tydelegvis meir vass-sikker, ser ein vasskjelde til beitedyr som løyst.

Ein sit att med ein diskusjon kring det å sikre brønn, og det kan gjerast med eige inngjerding utan tildeling av tilleggsjord.

Statskog kan gje løyve til slik inngjerding av brønn, der fjellstyret gjer uttale etter § 12 i fjelloven. Administrasjonen ser ingen problem for beitebruk om det blir ei avgrensa inngjerding rundt brønn, og vil tilrå ei slik løysing.

Rettigheiter knytt til vasskjelde:

Det er fleire partar som hevder rettighet til denne vasskjelda. Dette gjeld då støl Fnr 614, samt hyttefeste Fnr 43 og fnr 32. Administrasjonen har ikkje oversikt over kven som historisk faktisk har rettighet til denne vasskjelda, og dette kompliserer saka noko. Dersom hyttene faktisk har rettighet, og dette er ei felles vasskjelde, bør den ikkje ligge inne på eit stølsjorde om dette ikkje er heilt naudsynt.

Den bekken som går tvers gjennom festnr 43 og stølen til Tilden (fnr 614) er den største bekken i området, og går den turr kan ein vanskeleg sjå for seg at den vesle myrbekken utanfor gjerdet faktisk inneheld vatn. Slikt sett bør ein helle finne ei anna løysing på vatn til beitedyr inne på stølsjordan, eks ein vassleidning frå brønnen til eit vasskar inne på jordet. Dermed kan ein sikre beitedyr utan å utvide inngjerdinga.

I saka er det nemnt at ein ynskjer å oppretthalde fri ferdsel gjennom området. Det er etablert ein stig gjennom det arealet som Tilden (Fnr 614) ynskjer å gjerde inn. Det er i utgangspunktet uheldig å gjerde inn mykje nytta ferdsel årer. Det er og riktig som Olsen (fnr 43) hevdar, art det krev ein god del arbeid for å klaregjera/rydde den gamle stigen. Det burde heller ikkje vere eit større problem med ferdsel utanfor gjerdet til Tilden (Fnr 614), då innsyn er eit mindre problem med at uthuset ligg som ein buffer mellom stigen og sælet.

Oppsummert finn administrasjonen at ein overvekt av momenta talar for at ein ikkje bør tilrå utviding av stølsfeste/tilleggsjord etter stølsforskriften § 20.

Til informasjon gjeld følgjande for § 20 – tilleggsjord:

*Stølsforskrift §20 regulerar utvising av tilleggsjord:*

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.*

*Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

Med dette som bakgrunn, tilrå administrasjonen at saka vert oversendt til Statskog, men tilråding om kun å tillate inngjerding av sjølve brønnen/oppkommet. Dermed slepp ein å ta stilling til kven som har rettighet i brønnen, då den uansett er tilgjengeleg for alle som tidlegare. Samtidig er det gjeve anledning til å sikre vasskjelda, om ein ser behov for dette.

Når dette området først er oppe til behandling, er det greitt å sjå på inngjerdinga av hyttefeste 94/1/43 – Olsen. Her er det faktisk gjerda inn ca 4,5 daa, og dette er gjort minst sidan tidleg 2000 talet. Ein ber Statskog sjå på gjerde løyvet her, og vurdere om dette skulle vore take opp til ny behandling. Dette har vore ein del av hytte-festet i lang tid, så ein tviler på om dette uansett tilhøyrar nabojordet – Fnr 643. Med såpass land tid med inngjerding bort frå jordet og inn til hytta, vurderer ein uansett denne delen av jordet på Fnr 643 som falt i det fri. Men dette må takast i ein anna, adskilt sak. Oppsummert ber ein Statskog ta tak i denne hytte-inngjerdinga på Fnr 43 og rydde opp i dette.

Følgjande skisse indikerer med blått omriss tilrådd inngjerding av brønn, samt ein oppfordring til Statskog om å sjå på gjerde løyvet til Fnr 43 (Rødt omriss)

Det tilrådde arealet for inngjerding er vurdert etter naturmangfald loven § 8-12.

Det ligg eit større areal definert som «naturbeite mark», men dette er registrert før det var innført nye kvalitetskrav. Uansett vil ikkje ein inngjerding føre til nokon større endring for dette, då dette aktuelle arealet for tilrådd inngjerding er uansett attgrodd slik det fremstår no, og berre ein liten del av eit større av satt areal til denne kategorien.

Det er ikkje andre funn som indikerer at det er manglar i kunnskapsgrunnlaget, og soleis heller ikkje naudsynt med ei føre var haldning. Den samla belastninga kan heller ikkje seiast å påverke nærområdet på ein negativ måte med omsyn til naturmangfald.



#### Framlegg til vedtak:

Fjellstyret tilrår jf. Fjelloven § 12 at det vert inngjerda eit areal på ca 500 m<sup>2</sup> rundt brønn slik skissert i saka med formål om å sikre brønn/oppkomme.

Søknaden om tilleggsjord, jf. Stølsforskriften § 20 frå Fnr 614 (Tilden) vert dermed avslage med grunngjeving at det er uavklara rettighets forhold knytt til vasskjelde, finnes tilfredstillande eksisterande vasskjelde inne på jordet, at auka inngjerding vil negativt ramme friluftsjakter/etablerte ferdsel årer

Det vil vere mogleg å nytte vass-slange frå vasskjelde inn på dagens jorde i dei tilhøve at bekken vert tørr om sumaren, for å sikre beitedyr vatn.

#### Behandling:

Det vart stilt spørsmål om det er naudsynt med såpass stor inngjerding som 500 m<sup>2</sup> for å sikre brønn, og Fjellstyret foreslo å redusere dette til 50 m<sup>2</sup>.

**Vedtak:**

Fjellstyret tilrår jf. Fjelleven § 12 at det vert inngjerda eit areal på ca 50 m2 rundt brønn slik skissert i saka med formål om å sikre brønn/oppkomme.

Søknaden om tilleggsjord, jf. Stølsforskriften § 20 frå Fnr 614 (Tilden) vert dermed avslege med grunngjeving at det er uavklara rettighets forhold knytt til vassskjelde, finnes tilfredstillande eksisterande vassskjelde inne på jordet, at auka inngjerding vil negativt ramme friluftssinteresser/etablerte ferdsel årer  
Det vil vere mogleg å nytte vass-slange frå vassskjelde inn på dagens jorde i dei tilhøve at bekken vert tørr om sumaren, for å sikre beitedyr vatn.

Vedtaket er samrøystes.

*Vedtaket om utvisning av tilleggsareal er enkeltvedtak etter forvaltningslova og det er klagerett over vedtaket jf. reglane i forvaltningsloven. Tilråding om inngjerding er ikkje enkeltvedtak og det er ikkje klagerett over denne del av vedtaket.*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument.*

*Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 02.09.2020

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Nils-Olav Tilden, Slidrevegen 244, 2966 Slidre  
Leila Charlotte Olsen, Borggata 1, 0650 Oslo  
Statskog  
Vestre Slidre kommune